

SAKSHANDSAMAR  
Sverre Steinnes  
VÅR REF.  
07/02772-6  
Ark. Forvaltning  
072.3

DYKKAR REF.  
**200500280-104**

INNVALSTELEFON  
DYKKAR DATO  
**7.11.2009**  
VÅR DATO  
11.2.2009

TELEFAX  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no



Miljøverndepartementet - Avdeling for regional  
planlegging  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

## HØRING OM GJENNOMFØRING AV INSPIRE-DIREKTIVET. FORSLAG TIL LOV OM EN INFRASTRUKTUR FOR GEOGRAFISK INFORMASJON (GEODATALOVEN).

Viser til dykkar brev av 7. november 2008 der de ber om uttale til høyingsnotat om gjennomføring av Inspire-direktivet i Noreg.

Riksantikvaren stiller seg i utgangspunktet positiv til å innføre ei lovfesting av Norge Digitalt samarbeidet. For oss har ei lovfesting ikkje så stor praktisk betydning, ettersom vi uansett er pålagde av Miljøverndepartementet å delta i dette samarbeidet, og vil levere dei same data anten det blir oss lovpålagt eller ikkje.

Det vil likvel vere av stor verdi for oss at andre partar som i dag står friare blir lovpålagde å delta. At Riksantikvaren i dag ikkje har tilgang på ein del sentrale kommunale datasett, gjer vårt arbeid med å produsere eigne geodata for dei same områda unødig tungvint, samstundes som datakvaliteten her blir lågare enn ønskeleg.

Vi forstår det slik at intensjonen er at Riksantikvarens eigne geodata skal inngå i det virkeområde som lova sin §2 omfattar. Høyingsnotatet som følger med har ein litt misvisande ordlyd når det gjeld kor vidt kulturminne er omfatta av sjølve Inspire-direktivet. I avsnitt 8.3 heiter det at "*dette området er tematisk ikke omfattet av direktivet*", men at "*Departementet legger til grunn at kulturminnedatasett inngår i den norske implementeringen av direktivet, bla. ved at kulturminnevern inngår på linje med andre verneområdet i vedlegg 1-tema nr 9 "Verneområder"*"

Dersom ein går til Inspire sine forslag til datasett-spesifikasjonar heiter det derimot: "*Protected sites may also apply protection to person-made objects including buildings; pre-historic and historic archaeological sites; other cultural objects, or sites with specific geological, hydro geological or geomorphological value.*"

Vi håper at desse formuleringane medverkar til at kulturminnadata også etterkvart vil inngå i andre land si implementering av direktivet. I motsett fall spelar det jo lita rolle om Norge leverer kulturminnadata etter Inspire-formatet. Det vil uansett ikkje finnast internasjonale data å samkøyre desse med.

Postadresse:

Riksantikvaren  
Dronningens gate 13  
Postboks 8196 Dep  
0034 Oslo  
Tlf. 22 94 04 00

Besøksadresser:

Distriktskontor Øst Oslo Dronningens gate 13	Distriktskontor Syd Tønsberg Nedre Langgate 30 D	Distriktskontor Vest Bergen Dreggsallmenningen 3	Distriktskontor Nord Trondheim Kjøpmannsgata 28
--	--	--	---

A:2938

Når det gjeld det som står i avsnitt 5.3.4. i høyringsnotatet ”Interoperabilitet, dataharmonisering og datautveksling” er det frå vår side viktig å påpeike at vi ikkje kan akseptere ei løysing der Inspire sine datastrukturar erstattar dei allereie etablerte nasjonale standardane (SOSI-formatet og Noreg Digitalt sine eigne datasett-spesifikasjonar). Nasjonalt har vi bruk for eit langt meir finmaska inndeling av kulturminnedata, med eit mykje breiare og meir fagspesifikt utvalg av eigenskapsdata enn kva Inspire kan eller bør legge opp til. Vi må derfor satse på ei løysing der delar av dei nasjonale data blir konvertert over på Inspire-format gjennom ein automatisert prosess. Departementet bør vurdere muligheita av å legge ein slik førestenad inn i lovteksten under §5.

Som det også framgår av avsnitt 10.2. i høyringsnotatet vil dette medføre ein del kostnader for etatane som forvaltar dei enkelte datasetta. Vi går ut frå at den enkelte fagetat vil bli tilført ressursar slik at tilpassing av datasystem med tilhøyrande driftsutgifter kan skje utan at ein må kutte ned på andre delar av verksemda.

Beste helsing



May Britt Håbjørg (e.f.)  
Seksjonssjef



Sverre Steinnes

Vedlegg: 0

Kopi til:  
O-avd - Juridisk seksjon, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO